



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 10.05.2017
Tid: 16:10 – 18:15

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Torgeir Steien	Avd. leiar plan og utvikling

Wenche Tislevoll
Ordfører

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 32/17	Godkjenning av protokoll	
PS 33/17	Finans- og gjeldsforvaltningsreglement	
PS 34/17	Fitjar kyrkje	
PS 35/17	Tariffoppgjeret 2017 - fullmaktar til lokale forhandlingar	
PS 36/17	Ymse	
PS 37/17	Meldingar	

Før møtet orienterte Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS, representert ved adm. dir. Willy Berglund, produksjonssjef Jesper Økland og plass-sjef Svein Nøttveit, om utbygging av smoltanlegget på Kjærelva, og moglege ringverknader for Fitjarsamfunnet.

Ordinært møte vart sett kl. 16:10.

Sak PS 37/17 Meldingar vart handsama etter PS 32/17.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 32/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 10.05.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 33/17 Finans- og gjeldsforvaltningsreglement

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta nytt Finans- og gjeldsforvaltningsreglement, dagsett 21. juni 2017, slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet - 10.05.2017:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret vedtek nytt Finans- og gjeldsforvaltningsreglement, dagsett 21. juni 2017, slik det ligg føre.

PS 34/17 Fitjar kyrkje

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet ser at det kan vera ei manglande underdekning av Kyrkja i høve til lova på einskilde postar.

Formannskapet vil be om at det fram mot revidert budsjett blir arbeidd vidare med saka på politisk hald, med sikte på om det kan finnast eit meir konkret tal, som kan leggjast til grunn i kommunen sine budsjettprioriteringar

Behandling i Formannskapet - 10.05.2017:

Rådmannen orienterte om dei økonomiske rammene som er heimla i lov og kyrkja sin bruk av tildelte midlar, og svara på spørsmål for formannskapet.

Formannskapet drøfta saka.

Representanten Dagfinn Brekke (KRF) kom med følgjande framlegg til vedtak på vegne av KRF og FRP:

Formannskapet ser at det kan vera ei manglande underdekning av Kyrkja i høve til lova på einskilde postar.

Formannskapet ber om at rådmannen fram mot revidert budsjett talfestar underdekninga, og vurderer auka tilskot. Dette for å finna konkrete tal som kan leggjast til grunn i kommunen sine budsjettprioriteringar.

Representanten Arne Prestbø (H) kom med følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet vil be om at det fram mot revidert budsjett blir arbeidd vidare med saka på politisk og administrativt hald, med sikte på om det kan finnast eit meir konkret tal, som kan leggjast til grunn i kommunen sine budsjettprioriteringar.

Det vart først røysta over framlegget frå administrasjonen. Dette fekk 0 røyster, og fall. Deretter vart framlegget frå KRF og FRP sett opp mot framlegget frå H. Framlegget frå H fekk 3 røyster (H og AP), framlegget frå KRF og FRP fekk 2 røyster (KRF og FRP). Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak: (3 røyster (H og AP) mot 2 (KRF og FRP))

Formannskapet vil be om at det fram mot revidert budsjett blir arbeidd vidare med saka på politisk og administrativt hald, med sikte på om det kan finnast eit meir konkret tal, som kan leggjast til grunn i kommunen sine budsjettprioriteringar.

PS 35/17 Tariffoppgjeret 2017 - fullmaktar til lokale forhandlingar

Framlegg til vedtak/tilråding:

1. Formannskapet godkjenner det sentrale oppgjeret.
2. Ordførar leiar forhandlingane for Fitjar kommune, rådmannen peikar ut resten av forhandlingsutvalet. Ordførar får fullmakt til endeleg godkjenning av resultatet på Fitjar kommune sine vegner.
3. Det er ei målsetnad at lønsoppgjeret i kapitla med berre lokal lønsdanning (3 og 5) som hovudregel får om lag lik prosentvis utvikling som arbeidstakarane i det sentrale forhandlingskapitelet (ca. 2,4 prosent).
4. Resultatet blir lagt fram for formannskapet når forhandlingane er ferdige.

Behandling i Formannskapet - 10.05.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

1. Formannskapet godkjenner det sentrale oppgjeret.
2. Ordførar leiar forhandlingane for Fitjar kommune, rådmannen peikar ut resten av forhandlingsutvalet. Ordførar får fullmakt til endeleg godkjenning av resultatet på Fitjar kommune sine vegner.
3. Det er ei målsetnad at lønsoppgjeret i kapitla med berre lokal lønsdanning (3 og 5) som hovudregel får om lag lik prosentvis utvikling som arbeidstakarane i det sentrale forhandlingskapitelet (ca. 2,4 prosent).
4. Resultatet blir lagt fram for formannskapet når forhandlingane er ferdige.

PS 36/17 Ymse

Behandling i Formannskapet - 10.05.2017:

Innsendte spørsmål frå representanten Sigurd Andrè Maraas (FRP):

1. Eg ønsker at Fitjar kommune skal vedta eit tiggerforbud, eit arbeid som er igang i fleire kommuner, som tildømes i Os.

Eit forbud som ikkje skal ramme lokale lag og organisasjonar eller andre med tillatelse fra politi til å drive med innsamlingar.

Kva seier dei lokale politivedtektene våre om dette?

Korleis kan me få dette til?

- Svar frå ass. rådmann Svein Dale Soleng:
I politiloven § 14 gis det heimel for kommunen til å fastsette politivedtekter på enkelte områder, som bestemmelsar om ro og orden og meldeplikt for arrangement. Ved lovendring i 2014 vart det også mogleg å forby tigging på offentlig sted og frå hus til hus. Fitjar kommune sine gjeldande politivedtekter er frå 1999. Dei regulerar ikkje tigging, men inneheld meldeplikt for gatemusikantar.

Under arbeidet med lovendringa i 2013-2014 vart tiggerforbodet behørig diskutert i media. Fleire framtrede juristar med menneskerettigheter som spesialområde har påpeikt at eit tiggerforbud strid mot dei grunnleggjande menneskerettighetane. Det er særskilt forbodet mot diskriminering mot enkeltgrupper og retten til ytringsfridom som vert satt på spissen med eit tiggerforbud.

Enkelte advokatar har gått så langt at dei av prinsipp vil føre tiggerforbod-sakar gratis mot politiet, for å få avklart lovlegheita. Tiggerforbodet har etter det administrasjonen kjenner til ikkje vore prøvd rettslig. Dersom eit tiggerforbod er i strid med menneskerettighetane vil eit forbod kunne vedtas, men ikkje handhevast. Det kan forøvrig bemerkast at regjeringa foreløpig ikkje følgte opp sitt ynskje eit nasjonalt tiggerforbod, til tross for at dette var planlagt innført frå 2015.

Administrasjonen har ikkje motteke signal på at tigging er eit utbreidd problem i Fitjar, verken frå næringsdrivande, bebuarar eller politi. Då det er tvil om både behovet og lovligheita, samtidig som ein veit at politiet allereie har begrensa ressursar til å følgje opp brot på straffelova, frarår administrasjon ei innføring av tiggerforbod i politivedtektene.

2. Det er kommen innspel om at det på eit lokalt bedehus i Øvrebygda (Betania) bur folk, der dette noko kommunen kan sjekke opp i?

Er bygget godkjent for overnattinger og bolig formål?

- Svar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):
Ein er informert om at dette førekjem. Bygget er ikkje godkjent for overnatting og bustadføremål.

3. Vert det asfaltert på fortauet og i forbindelse med veivøla i Lio?

- Svar frå rådmann Atle Tornes:
Det vert ikkje bygd ferdig fortau på denne traseen. Tilrettelagt trase vert grusa.

Rådmann Atle Tornes orienterte vedk. banedekke på løpebanen på idrettsparken. Idrettslaget har sendt førespurnad om å få flytta avsette midlar til dekke frå 2018 til 2017. Det er henta tilbod frå kun ein leverandør, og dette tilfredsstillar ikkje innkjøpsreglementet. Dersom nokon kan gjera jobben med innhenting av tilbod frå minst 3 leverandørar, kan midlane flyttast til 2018. Rådmannen gir attendemelding til idrettslaget om dette.

Spørsmål frå representanten Agnar Aarskog (AP) om aksjon strandsone frå 2008 som er teke opp i media dei siste dagane. Er det fritt føre i Fitjar kommune å byggja ulovleg?

- Svar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):
Fleire saker frå aksjonen er endå ikkje handsama, av fleire grunnar. Kommunen har fått lite hjelp frå overordna mynde, og har hatt små ressursar og liten kapasitet på plan og byggesaksavdelinga.

Kommunen skal prioritera nærings saker, nye bustader og hytter, som gir vekst og utvikling i kommunen.

Det er ikkje fritt føre å byggja ulovleg. Saker som blir meldt inn og saker som ein kjenner til, blir tatt tak i og fylgt opp.

PS 37/17 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 10.05.2017:

Meldt i møtet:

Rekneskap

Rådmann Atle Tornes orienterte generelt om rekneskapen første kvartal 17, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Brann/redning

Utgreiing av samanslåing av brannstella i Stord og Fitjar – eiga sak/orientering leggjast føre formannskapet tidleg hausten 2017.

Tilskot fylkesmannen

Søknadar frå Friluftsrådet Vest går gjennom Fitjar kommune til fylkeskommunen, Friluftsrådet Vest fordeler tildelte midlar over heile regionen.

Andre meldingar:

- Kjøp av Fitjar bu- og behandlingssenter, kommunen har teke over bygget
- Endra bruk og behov av kontor i Rådhuset, ombygging av legekantor
- Bemanning, midlar og kapasitet – avd. for plan og utvikling

Melding frå rådmann Atle Ternes:

Bravida klaga på innkjøp av nødsstrømsaggregat. Kommunen har hatt kontakt med advokat som har vurdert at saka er korrekt handsama. Det er signert kontrakt med leverandør av nødstrømsaggregat.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.